

Årsmelding 2025

Fjell sokn




DEN NORSKE KYRKJA
Fjell sokn



Frivillige styrker pusset opp inne i kyrkjelydssalen

Fjell sokneråd



Eigil Nødtvedt
Soknerådsleiar

Helsing frå leiaren

2025 vart eit godt arbeidsår for Fjell kyrkje der vi kunne vende attende til normal drift etter at restaureringa av tårn og tak også var slutført. Andre viktige saker har vore storstilt oppussing av kyrkjelydssalen samt oppstart med nye, flotte medarbeidarar.

Uansett aktivitet og møteplass i ein travel kyrkjelyd, er det alltid gudstenesta som står att som den viktigaste møteplassen og storfellesskapen for kyrkjelydsmedlemmane. Hjarteleg takk til kvar og ein av dykk som var innom Fjell kyrkje i 2025! Hjarteleg takk til alle de strålende gode, medarbeidarar – både tilsette og frivillige!

Soknerådet sin årsrapport

Fjell sokneråd sin visjon er å vere -

«Ei kyrkje for alle»

Målsetjinga er klinkande klar og eit høgt og viktig mål å jobbe fram mot. Her trengst det både forbøn og oppbretta skjorteermar!

Samansetjing av soknerådet i 2025

Faste medlemmar:

- Eigil Nødtvedt (leiar)
- Søgne Lillevik Nilsen (nestleiar)
- Arvid Nese (representant i Øygarden fellesråd)

- Harald Pedersen Fylling (vara i Øygarden fellesråd)
- Svein Jarle Yndestad Eide
- Magny Bjørsvik

Varamedlemmar:

- Gerd Fjeld Andersen
- Hans Kristian Hornnes
- Gyri Ann Lie
- Paul Edvin Marhaug
- Sigrun Bergsvik

Sokneprest Per Hjemdal har hatt fast plass i soknerådet heile året. Sokneteamsleiar Anne Ludvigsen Kaldestad samt andre av dei tilsette har møtt i saker som har vore aktuelle for dei.

Arbeidet i soknerådet

Soknerådet har hatt 10 møte og handsama 178 saker. Viktige saker har vore:

- Gjevartenesta til barne- og ungdomsarbeidet
- Misjonsprosjektet Thailand/Laos
- Restaureringa av Fjell kyrkje
- Oppussing av kyrkjelydssalen
- Haustbasaren
- Salet av jubileumsjulekuler
- Gudstenestelister, hausttakkefest, julegudstenester, juletefest
- Informasjonsfaldar vår & haust

- Offerlister
- Konfirmasjonane
- Oppstart av arbeid med fokus på bibelgrupper/ husfellesskap i Fjell kyrkjelyd
- Busstur til Osterøy
- Oppgradering av uteområdet kring kyrkja
- Gospelsøndagskveldane
- Aksjon Godheit 2025
- Opa kyrkje med tema-/retreatkveldar om onsdagane
- Frivilligdagane på Sartor
- Strategiplan for soknerådet
- Møte med sokneteamet
- Tilsetjing av nye medarbeidarar
- Frivilligfest / inspirasjonssamling for dei frivillige medarbeidarane
- Økonomi – budsjett – rekneskap mm.

Onsdagsføremiddagane har kyrkja vore open med tilbod om mat & prat, tru & tur, bøn & fellesskap. Onsdagskveldane har det vore bibelundervisning, kåseri, salmekveld, retreat, kveldsbøn – gjerne med kveldsmat til.

Langfredag var det korsvandring langs kyrkjevegen frå Morland før gudstenesta.

Det har vore arrangert fire «Gospelsøndagar» med stort frammøte og fengjande song og musikk.

Undergrupper og utval

Over 50 frivillige har mellom anna drive følgjande aktivitetar:

- søndagsskulen
- barnekoret
- tweensarbeidet

- informasjonsutvalet
- basargruppa
- onsdagskveldutvalet
- juletreffesten
- Godheitsaksjonen

Andre spesielle saker

Etter hhv. 10 år som kyrkjelydspedagog og 3 år som sokneprest, slutta Søgne Lillevik Nilsen og Per Hjemdal i Fjell ved årsslutt. Dette vart markert i kyrjekaffi'er med stort frammøte der kyrkjelyden takka begge for fantastiske innsatsar.

Eit årvisst tilbod har vore kyrkjevandringa for alle 3. klassingane på Knappskog, Koltveit, Skålevik og Ulveset skular. Her har det vorte mange spanande møte mellom elevar og kyrkje.

Soknerådet er veldig begeistra for den enorme gjevargleda i kyrkjelyden! Gåvene vi har fått inn, prøver vi å dele mellom tre hovudføremål: Ytre misjon + indre misjon + eige arbeid i kyrkjelyden. Ei av dei største satsingane dei siste åra har vore finansiering av ei felles ungdomsarbeidarstilling i Øygarden, og her "sponsar" Fjell med godt over 100.000 kroner årleg. Dette har gjort det mogleg å halde fram med det breie B&U-arbeidet innan søndagsskule, konfirmantarbeid, leiartrening, barnekor, Basecamp og Tweens-arbeid.

Etter den fantastiske restaureringa av kyrkja, held vi no på med ei eigenfinansiert oppgradering av kyrkjelydssalen med lyssetting, solskjerming, vegg- og takmåling samt lyddemping i taket. Her er gjevarteneste og takkeoffer - til dømes innsamla gjennom store årlege basarar - nøkkelen til å få realisert arbeidet.

Eitt ønske for framtida: Fleire FASTE gjevarar som kan binde seg til å gje nokre kroner i månaden.



Det var full sal då basargruppa inviterte til basar.



Årsmelding frå soknepresten



Per Hjemdal
Sokneprest

«Fjell kyrkje – ei kyrkje for alle.» Sjølv om nokon måtte søke andre kyrkje-rom også i delar av 2025, kan kyrkja ved årets slutt vere vidopen.

Året blei innleia med ei kyrkje pakka i stillas. Det vil sei: No var det berre kyrkjetårnet, men det betydde også inngangspartiet. Difor var kyrkja framleis stengt for gravferd og

vigsel, noko som var eit hinder for å løyse oppgåva som folkekyrkje.

At det i tillegg blei arbeidd godt på ny riksveg 555 frå Bergen via Straume til Kolltveit, førte innimellom til at ein brukte svært lang tid på gravferder som hørte til Fjell sokn, der nokon skulle gravleggjast frå ein av våre kyrkjegardar.

Men så kom vi til mai, og det var godt når stillaset til slutt forsvann, for kyrkja kunne brukast som ho skulle.

Elles var ei nokså stor utfordring i 2025 situasjonen rundt økonomi for fellesrådet, som igjen fekk konsekvens for kontorfellesskapet på Straume. Diakoniarbeidar og sokneprest måtte flytte frå Straume og ut i kyrkja. Dessverre var det ikkje rom for å finne kontor i nærleiken av kvarandre verken for dei eller dei to som elles mest arbeidde ut frå kyrkja, organist og kyrkjetenar. Dermed blei alle sitjande litt for seg sjølv.

Soknepresten fekk det fine dåpssakristiet som sin base, og det fungerte stort sett bra. Det viste seg i løpet av vinteren at golvet var utan isolasjon, men det blei

heldigvis gjort grep, slik at det no er nyvøla og isolert med varme i golvet.

For meg som sokneprest blei likevel situasjonen opplevd som langt unna det som var utlyst då eg søkte. Eg valde å søkje meg bort frå Fjell, og slutta i stillinga med siste gudsteneste på romjulsøndag.

Men gjennom heile året var det alltid positivt å møte dei mange trufaste kyrkjegengarane i Fjell kyrkje. Den gode søkinga til gudsteneste heldt fram, og i det vi på våren konfirmerte 80 flotte ungdommar, fekk vi starte hausten med 90 nye konfirmantar.

I løpet av året var det nokre flinke medarbeidarar som gav seg. Kyrkjelydspedagog Sognie Lillevik Nilsen fekk ein god vikar i Karianne Kleppe. Konfirmantlærer Ole Kristian Hamre fekk nye utfordringar i Sund og som prostiprest-vikar, men erstattar Sunniva Hellesøy overtok hans oppgåver og gjorde ein god jobb. Like eins fekk vi takke av ein Jakob for ein ny; Jakob Myhre gav seg som ungdomsarbeidar, og Jakob Listou Kvam erstatta han. Begge løyste oppgåvene i møte med konfirmantane svært tilfredsstillande.

Fjell sokneråd arbeidde vidare med sin visjon: «Ei kyrkje for alle». Visjonar forandrar som kjent ikkje framtida, men notida. Så dette er eit stadig pågåande arbeid: å ta imot og inkludere, ha ei open dør mot verda utanfor og mange vennlege menneske innafor.



Også i 2025 var vi stolt av å vere Jesu kyrkje, og stolt av å budskape om nåde utan vilkår.

Statistikk




Pr. 31.12.2025 er det **6958** medlemmer i Fjell sokn.


DELTA KING PÅ GUDSTENESTER, TOTALT



ANTAL
DØYPTE



ANTAL
KONFIRMERTE



ANTAL
GRAVFERDER



ANTAL
VIGDE

Gjennom åra 2023-2025 har kyrkja vore heilt eller delvis stengt for mellom anna vigsel og gravferd. I periodar vart gravferdar flytta til andre kyrkjer, og fleire venta med å gifte seg i kyrkja til den var heilt open igjen i 2025.



Årsmelding frå barn og unge

Kyrkjeleg undervisning og læring: T-dagen

Trusopplæringsprogrammet «T-dagen» er eit samarbeid mellom dei tre sokna Fjell, Foldnes og Landro. Der T-dagen vert arrangert i éi av kyrkjene, er borna og ungdomane i dei to andre sokna også inviterte. Vi ynskjer å bygge tydelege bruer mellom tiltaka i kyrkjelyden og la dei unge kjenne og oppleve at dei er elska og høyrer til i fellesskapet.

Alle døypte og interesserte blir inviterte til ein T-dag kvart år, dei fleste gjennom invitasjonar i posten, og i tillegg med invitasjonar gjennom facebooksidene til kyrkja, kyrkjebladet, kunngjeringane og SMS. Det er ei utfordring å nå fram med informasjon om alle dei gode tilboda vi inviterer til.

Begrepet trusopplæring er frå 2025 endra til «kyrkjeleg undervisning og læring» frå kyrkja sentralt. Lokalt i kyrkjelydane skal vi framover jobbe med å revidere og fornye planane og tilboda våre innanfor kyrkjeleg undervisning og læring, for barn, ungdom - og no også for vaksne.

T-dagen vil bidra inn i visjonen her i Fjell: Ei kyrkje for alle! Vi har knytt T-dagane inn mot ulike gudstenester, der vi mellom anna har deltatt med drama, tekstlesing og basar. T1 babysong er eit samarbeid med Open barnehage/Øygarden KFUK/KFUM, det har vore heile 113 babyar på éi eller fleire babysongar i kyrkja det siste året! På oppstartsgudstenesta i haust kom

6-åringane med ranslane sine og fekk 6-årsbok og velsigning over ranslane og skuletida. I advent kom 3-åringane til gudsteneste, fekk bok og hadde ein flott juleverkstad.

T9 var eit høgdepunkt! Under avslutningssamlinga med foreldra, var det «agentrulling» til musikken frå «Mission Impossible» i ei mørklagt kyrkje, berre opplyst av agentane sine lommelykter. Niåringane hadde mørke solbriller og var agentar, -på jakt etter kyrkjeskattar!

Me er utruleg takksame for alle frivillige medarbeidarar som stiller på T-dagane!

Samarbeid med skular og barnehagar

Skulane: Inspirerende møtepunkt

3. klasse-vandringane der borna utforska kyrkja ein heil skuledag var spanande. Det pedagogiske teamet av frivillige som vi er så heldige å ha med oss, er dyktige og leia borna trygt gjennom opplevinga og dagen. Vandringane på kyrkjegarden for 2.-klassane vart ein fin oppleving med prest og diakon som leiarar. 5.-klassane i soknet har fått vore med på «Bibelsporet», eit inspirerende bibelkurs over fire skuletimar.

I advent kom tre skular til kyrkja, medan ein skule fekk besøk av prest, pedagog og organist. Det vart då, etter ynskje frå skulen, skipa til ei kjempefin skulegudsteneste i gymsalen.



Barnehagane: Advent og påske

Før påske kom fire barnehagar til kyrkja for å vere med på påskevandringar og påskesaft i kyrkjelydssalen. I adventstida kom dei tilbake til adventssamlingar. Den eine barnehagen blei igjen to timar etterpå, og hadde leik og laga julepynt saman med kyrkjetenar, pedagog og organist!

Tweens og Tweens+; eit satsingsområde med oppsving

Vi har vore mellom 43 og 120 deltakarar i 2025! Då trengs det mange trygge leiarar. Vi er 10 vaksne frivillige medarbeidarar, tre tilsette og 15 konfirmantar som er hjelpeleiarar! I tillegg er vi heldige og har nokre gongar med oss bibelskulelevar frå Bildøy. Tweens+-gjengen har vore ei gruppe ungdommar (8. klasse og oppover), som både deltek og er hjelpeleiarar på Tweens. Dei har sin eigen Tweens+-time på klubben når dei yngre har gått heim. Hovudleiar i Tweens er kyrkjelydspedagog Karianne Kleppe.

Ungdom

78 ungdommar vart konfirmerte våren 2025. Haustsemesteret før var vi på leir på Skjergardsheimen. Der hadde me med oss dei fire ungdommane i teamet frå Hjelme og Blomvåg sokn, som fekk god kontakt med konfirmantane. Me vart betre kjende med Gud, Bibelen og kvarandre. På vårparten vart det blant anna interessegrupper for konfirmantane, undervisning, fasteaksjon og «Handelsspelet». Her fekk konfirmantane kjenne på urettferd, og vi retta fokus på korleis me kan gjere litt for å hjelpe andre.

- Hausten 2025 starta eit nytt kull med konfirmantar, heile 92 i Fjell! Fleire er komne til, no er vi 96.

- I november hadde me to «konfirmantleir-døgn» - konfirmantane var på leir i eit døgn kvar - og vi vart godt kjende!
- I oktober hadde me ei ettermiddagssamling med Bildøy bibelskule. Konfirmantane fekk mat, quiz, varierte aktivitetar og til slutt lovsongskveld saman med ungdomane på bibelskulen.
- I november hadde me også eit seminar for foreldre og konfirmantar der heltfri.no hadde føredrag. I desember laga konfirmantane til ei strålende lysmesse!
- Ansvarlege for konfirmantåret våren 2025: Per Hjemdal, Jakob Myhre og Ole Kristian Hamre.
- Ansvarlege for konfirmantåret hausten 2025: Per Hjemdal, Sunniva Hellesøy og Jakob Kvam.

FUNK

FUNK er forkorting for «For UNgdom i Kyrkja», og er namnet på ungdomsarbeidet som er felles for Fjell, Foldnes og Landro. Fellesskapa i FUNK er viktige for å bevare, styrke, fylgje opp og utvikle ungdomsarbeidet frå Tweens. I 2025 var FUNK: Leiartrening LED, KRIK Ungdom, vinterleir med KRIK på Framnes, Adventsfest, Gudstenesteungdom, Tensing, Gaming, Landroklubben, Ungdomslørdag og Tweens+. Ei stor utfordring er å få konfirmantane med i fellesskap og gudstenesteliv etter at dei er ferdige med konfirmantåret.

- LED er eit tilbod til fjorårskonfirmantar.
- Hausten 2024, var det 10 deltakarar, av desse sokna tre til Fjell.
- Hausten 2025 var det seks deltakarar som meldte seg på til LED-kurs, av desse soknar to til Fjell.



Rekord på babysong i Fjell: 113 babyer


| Det er registrert 46 døypte babyar i soknet



UTVALDE TRUSOPPLÆRINGSTILTAK

Prosent av antal medlemmer i årskullet


T4 KYRKJEBOKA




T7 SPRELL LEVVANDE



T10 HALLOTWEENS



T13 ACTION





Årsmelding frå diakoniarbeidaren



Renate Olsen Seim
Diakoniarbeidar

I mars i fjor blei kyrkja vår endeleg ferdig rehabilitert. Vi kunne igjen halde open kyrkje kvar onsdag, men konseptet blei litt endra og blei utvida med «Hjarterom». Eit ope fellesskap med vaflar, kaffi og te med livsnære tema annankvar onsdag. Og så avsluttar me i kyrkjerommet for ein tidebøn for dei som ønskjer det. Dette bør opplevast! Ein fin måte å bli betre

kjent med kvarandre på.

Heimebesøk, samtalar på kontoret og besøk på LMS har vore nokre av dei arbeidsoppgåvene diakoniarbeidaren har hatt stor glede av. Å møte menneske der dei er, er ein viktig del av det diakonale arbeidet.

På slutten av 2025 fekk vi eit samarbeid med MO-senteret som er eit mottak- og oppfølgingssenter for personar som er knytt til rus. Diakoniarbeidaren er til stades kvar tysdag i nokre timar. Eit viktig og meningsfullt samarbeid med Øygarden kommune.

Frivilligheitsdagene på Sartor Senter gjekk veldig fint. Folk er engasjert, og opplevde det kjekt og meningsfullt å stå stad for kyrkjene våre her i Øygarden.

Eit av satsingsområdene i Fjell er "Fellesskapsbyggjande arbeid". Herunder kjem undervisnings og kvarsdags-fellesskap for vaksne på onsdagar gjennom heile året. Kveldane har hatt varierte tema og bidragsytarar. Ein egen komite lager planar for dette.

Kveldane har variert mellom bibeltimar, temakveldar og salmekveldar. Etter undervisninga er det alltid tid for kveldsmat, med god tid til prat og fellesskap. Mange melder og stor trivsel her.

Hausten 2025 vart det også arrangert Bibelhelg ved Kurt Hjemdal. Eit flott bidrag til vaksenundervisning og fellesskap onsdagskomiteen arrangerte også i år busstur. Årets busstur gjekk til den viktige og historiske øya Osterøy. Ein flott guida tur til Havråtunet kor me fekk utforska historie og kultur. Me fekk også ei omvising i gamle vakre Hamre kyrkje, og me avslutta turen vår på Raknestunet kor me fekk servert nydeleg middag. Me var ein flott bukett av ulike menneske som fekk ei god felles oppleving.

Allehelgensdag vart markert som vanleg, både med stand på Sartor laurdag og gudsteneste søndag. Det er ei sterk oppleving å få møte menneske med ei gåve: eit lys og omsut. Fleire stoppa opp og tok ein prat med oss som stod på senteret. Kyrkja er ikkje redd for å snakke om døden, og det får menneske oppleva også rundt allehelgensdag. Gudstenesta vart god, og det er godt å kunna minnast kvar enkelt av dei som er gått bort siste året, med å lesa namnet og få tenna eit lys.

Diakoniutvalget er framleis godt engasjert. Ein fin flokk med fire damer som blant anna jobbar med diakoniplanen vår. Me har mange gode tankar og ønske å bidra inn mot Fjell sokn og soknerådet vårt.

Me takkar alle som har bidrege til arbeidet til diakonitenesta i året som har gått, og ser fram til eit godt og rikt samarbeid i 2026.



Årsmelding frå kantor



**Solveig Karoline
Flekstad Vik**
Kantor

Kyrkjemusikalsk arbeid

Gudstenester, gravferder, vigsler, konsertar, gospelsøndag, føremiddagstreff, salmekvelder, musikkandakter, Vi syng jula inn, samarbeid med grunnskule/ barnehage, solistar, instrumentalistar på gudstenester, Øygarden Kyrkjebrass, Fjell barnekor

Musikalske hendingar

- Konsertar
- Salmekvelder
- Musikkandakt
- Besøk av Kåre Skorpen og Tore Hegdahl, «Et rop om håp og tro på en sårbar jord», med musikk og dikt frå den norske lyrikkskatten
- Vi syng jula inn 14. desember: Lukas TenSing, Fjell barnekor, prosjektkor til Vi syng jula inn, Øygarden kyrkjebrass

Frivillige musikkrefter

Eg ønsker å rette ein stor takk til alle dei frivillige som har teke del i det musikalske arbeidet gjennom

året, i barnekoret, musikkandakter, konsertar og anna verksemd. Engasjementet, innsatsen og gleda de deler, betyr mykje og er avgjerande for det levande musikklivet i kyrkja. Eg er svært takksam for samarbeidet og fellesskapet vi har.

Refleksjonar frå året

Året har vore prega av glede over musikalsk engasjement og aukande deltaking i kyrkjelyden, særleg i arbeidet med barnekoret. Det har vore inspirerende å sjå korleis fellesskap, mellom anna gjennom øvingar kvar veke og middagar ein gong i månaden, har bidrege til både trivsel og vekst.

Eg har gjennom året erfart kor viktig musikken er som ein naturleg og berande del av gudstenestelivet. Derfor har eg brukt mykje tid på å finne passande musikk til gudstenestene. Eit av årets høgdepunkt var konfirmasjonsgudstenestene saman med trombonist Joar Nøkleby Lemme, det var ei stor glede å få vere med på å skape ei minnerik og fin dag for konfirmantane. Rett før jul fekk vi i Fjell Barnekor gleda av å synge på Fjell sjukeheim og Straume bu- og servicesenter. Dette vart ei sterk oppleving for både store og små, og songen frå dei flotte barna rørte mange.

Sotra Reviderte hadde si siste konsert før sommaren, etter 46 år som kor ved dirigent Olav Sørheim.



Før jul inviterte kyrkja barnehagar til adventssamling



Gospel-søndag i regi av frivillige er veldig populær.



Medarbeidarane i Fjell sokneteam:

Medarbeidar	Stilling
Vikarar	Sokneprest
Anne L. Kaldestad	Sokneteamleiar
Solveig Karoline F. Vik	Kantor
Tove Olene Foss Solvang	Administrasjonskonsulent
Sunniva Hellesøy	Kyrkjelydspedagog (vikar)
Karianne Kleppe	Kyrkjelydspedagog (vikar)
Jakob Listou Kvam	Ungdomsarbeidar
Renate Olsen Seim	Diakoniarbeidar
Janne-Lin Fjeld Andersen	Kyrkjetenar
Ingalis Apelthun Malmö	Helgekyrkjetenar

Økonomisk har det soleis vore eit godt år for Fjell sokneråd.

Fjell sokneråd har i 2025 brukt kr 111.000 til å dekke 20% ungdomsarbeidar stilling i fellesrådet.

Det er brukt kr 24.000 til oppussing av kyrkjelydssal i 2025, og det er planlagt å bruke kr 89.000 til dette føremålet i 2026.

Basargruppa har oppnådd inntekter på om lag kr 74.000 i 2025. Av dette er kr 20.000 overført til barne- og ungdomsarbeid, kr 20.000 til fellesarbeid i soknet, og kr 20.000 til misjonsprosjekt.

Offer innsamla til eigen verksemd utgjorde kr 80.369 i 2025. Av dette var kr 41.819 til barne- og ungdomsarbeid, kr 33.640 til generelle formål og kr 4.910 til søndagsskulen. Offer til andre formål utgjorde kr 268.223 og er utbetalt til ei rekke formål i 2025. I fast gjevarteneste er det samla inn

kr 90.225. Vidare har Fjell sokn motteke gåver frå andre på til saman kr 87.566.

Vi vil rette ein stor TAKK til alle som har støtta Fjell sokneråd på mange ulike måtar i 2025.

Årsrekneskapen Fjell sokneråd 2025

Fjell sokneråd har i 2025 eit positivt resultat før avsetjingar til fond på kr 12.835. Samla utgifter utgjer kr 908.798 og samla inntekter utgjer kr 921.633. Mindreforbruket er foreslått avsett til disposisjonsfond.

